



HLM Arkitektur AS  
C. Sundts gate 1  
5004 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/951 - 19/31644

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
28.10.2019

## Igangsetjingsløyve (3) for vass- og avløpsanlegget - gbnr 137/821 Alver

**Administrativt vedtak. Saknr: 603/19**

**Tiltakshavar:** Lindås kommune ved eigedomsavdelinga  
**Ansvarleg søkjar:** HLM Arkitektur AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for vass- og avløpsanlegget i samsvar med gitt rammeløyve. Det er opplyst i søknaden at arbeidet ikkje omfattar mur mellom SGS2 og SGS5 som vil verta søkt om i eigen søknad.

Det er gitt rammeløyvet i vedtak datert 19.07.2019, igangsetjingsløyve (1) for veg- og grunnarbeid utanfor BOP3 og avgraving av matjord innafor o\_BOP3 i vedtak datert 23.08.2019 og igangsetjingsløyve (2) for grunnarbeidet innafor o\_BOP3 i vedtak datert 24.09.2019.

Det vert elles vist til søknad mottatt 07.10.2019.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.10.2019 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2, dvs. 28.10.2019.

### Uttale frå andre

Statens vegvesen har gitt uttale i saka i e-post datert 04.09.2019. Dei skriv:

«Statens vegvesen har ingen merknad til at det vert oppstart på arbeida på tomta for skulebygget, så lenge det ikkje medfører auka trafikk og transport av massar på Fv 565 og det same for bruken av eksisterande avkøyring i Myra, før det er etablert nytt køyremønster i det nye krysset. Vi ber om å få tilsendt revidert framdriftsplan og faseplan for det nye krysset på Fv 565.»



Statens vegvesen har gitt graveløyve for kryssing av Fv 565 i skriv datert 22.10.2019.

Teknisk plan for vatn og avløp er godkjend på vilkår i brev datert 27.09.2019.

## **VURDERING**

I samsvar med føresegn 4.8 kan grunnarbeidet i o\_BOP3 ikkje setjast i gang før nytt køyremønster og venstresvingefelt i kryss mellom o\_SKV1 og o\_SKV3 er etablert.

På bakgrunn av Statens vegvesen si uttale i saka finn kommunen at det kan gjevast igangsetjingsløyve slik det er søkt med dei vilkår Statens vegvesen har sett. Anlegget skal etablerast i samsvar med godkjend teknisk plan for vatn og avløp.

## **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaksklasse slik det går fram av gjennomføringsplan datert 30.09.2019.

## **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 21-2 5.ledd, vert det gjeve løyve til igangsetjing for etablering vass- og avløpsanlegget på følgjande vilkår:**

- **Rammeløyve datert 19.07.2019 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- **Anlegget skal etablerast i samsvar med godkjend teknisk plan for vatn og avløp.**
- **Arbeidet skal ikkje føra til auka trafikk og transport av massar på Fv 565 eller avkøyringa til området, før det er etablert nytt køyremønster i det nye krysset mellom o\_SKV1 og o\_SKV3.**

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/951

## **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

HLM Arkitektur AS	C. Sundts gate 1	5004	BERGEN
Lindås kommune ved eigedomsavdelinga	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Lindås kommune ved eigedomsavdelinga	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ

#### **Mottakarar:**

HLM Arkitektur AS	C. Sundts gate 1	5004	BERGEN
-------------------	------------------	------	--------